

# DEN NORSKE KYRKJA

## Kyrkjebø sokneråd

Kyrkjebø, 10.03.2026.

### ÅRSMØTE 2026.

Etter dåpsgudstenesta ved Kyrkjebø kyrkje den 01.03.2026 kl.11.00, vart det avhalde årsmøte for Kyrkjebø og Vadheim sokn.

#### **Sakliste:** Val av møteleiar.

Val av skrivar.

Val av to til å skrive under protokollen.

Årsmelding for 2025.

Rekneskap for 2025.

Arbeidsprogram/årshjul for 2026.

Aktuelle spørsmål.

Det var 9 personar som møtte fram til møtet. Møtet vart opna av soknerådsleiar Sturla Bell Fossen, som ynskte dei frammøtte velkomne og han innleia vidare møtelyden med m.a å orientere litt om kvifor vi har årsmøte og regelverket omkring dette.

#### **Val av møteleiar:**

Sturla Bell Fossen vart vald til møteleiar.

**Val av skrivar:** underteikna, J.O.Årdal, vart vald til skrivar.

#### **Val av to til å skrive under på møteprotokoll:**

Gunhild Marie Bekkelien og Sigrun Helle Gudvangen, vart valde til å skrive under møteprotokollen.

#### **Årsmelding:**

Årsmeldinga for Kyrkjebø Sokneråd, var på førehand lagd fram for møtelyden og møteleiar gjekk avsnittsvis igjennom denne, slik den ligg føre. Det var høve til å stille spørsmål undervegs:

#### **Samansetting av Kyrkjebø sokneråd og representantar i Høyanger kyrkjelege fellesråd:**

Møteleiar gjorde greie for samansetning og representantar.

Det vart også gjort greie for kven som sit i kulturnemda for gåvemidlane etter Kyrkjebø kyrkjelydshus.

#### **Personalsituasjonen ved utgangen til året:**

Møteleiar gjorde greie for personalsituasjonen ved kyrkjekontoret, som tidlegare har vore litt utfordrande. Diakon/prest, I.C.Fitje, har 20% stilling som trusopplærar og det er ei god hjelp.

#### **Gudstenester og kyrkjelege handlingar:**

Møteleiar gjekk igjennom statistikken. Frammøtet til gudstenestene har gått litt ned, men det er ein oppgang frå nivået etter pandemien (2021/2022). Så vidt ein veit, er alle konfirmantane i soknet kyrkjeleg konfirmerte og det gledar ein seg over.

Det vart gjennom sommaren 2025 avhalde friluftsgudstenester i Måren (9/6) og ved Vadheimssølen (27/7) og kyrkjelyden rosar grunneigarane for god tilrettelegging på fjellet!. Oppmøtet til desse friluftsgudstenestene er likvel jamt lite og soknerådet er takksame for innspel og idear som kan gjere desse fine tilboda meir attraktive for folk

i bygdene våre.

**Samarbeid skule og barnehage:**

Etter at skulen har teke kontakt, har fire skuleklassar vore på vitjing i kyrkja. Kyrkjetenaren tok dei vel imot og informerte dei om kyrkja og dei kyrkjelege handlingane som føregår der.

**Konfirmasjon:**

Den 10.mai, vart det avhalde konfirmasjon i Vadheim (2) og ved Kyrkjebø (7).

**Dåp:**

Det har vore 3 bamedåpar i 2025, der familien e til dåpsbarnet får eit dåpslys m/stake og kluten ein tørkar med. Dåpsbarnet får også ei eiga salmebok i gåve.

**Gravferder:**

Det har vore 13 gravferder i 2025. Det har også vore urnenedsetting og kistenedsetting i soknet. Soknerådet deler ut blommar til dei avlidne sine næraste pårørande og tilbakemeldingane på dette frå dei pårørande, har vore positive.

Møteleiar Sturla Bell Fossen heldt vidare fram med å gå igjennom årsmeldinga avsnittsvis, innan felte for: økonomi, barne og ungdomsarbeid, vaksne medhjelparar, fasteaksjon, dugnad, gåve til kyrkja, helgestunder og viktige hendingar slik:

**Økonomi:**

Oversikt over takkoffer til andre og til eige arbeid, samt frå fasteaksjonen, ligg føre i årsmeldinga og dette vart gjort greie for av møteleiar. Ein merkar seg ein liten auke for dei to første takkoffera og ein liten nedgang for fasteaksjonen. Rekneskapan er ikkje ferdig revidert, så det kan bli små endringar.

**Barne og ungdomsarbeid, trusopplæringstiltak 2025:**

Ved m.a. hjelp frå diakonen, soknepresten, andre tilsette og friviljuge, har ein klart å halde oppe aktivitetane for babysong, tårnagentar, besøk av skuleklassar i kyrkja og julespel.

I denne samanheng opplyste møteleiar at det er i gang eit samarbeid med fellesråda i Hyllestad, Askvoll og Fjaler om ei kyrkjepedagogstilling og at utfallet til denne saka vil ha betydning for sokna angående aktivitetane innan trusopplæringa.

**Vaksne medhjelparar:**

Møteleiar orienterte om at det er fleire friviljuge som stiller opp ved ulike arrangement og at det er til stor verdi for soknet. Dette vart markert med ein medarbeidarfest i februar 2025, der 42 personar møtte. Ein tek sikte på å ha ei slik markering annankvart år.

**Fasteaksjonen:**

Soknepresten, kyrkjetenaren, konfirmantar, foreldre og friviljuge, samarbeidde om gjennomføringa til fasteaksjonen for 2025 og dette fungerte godt og resultatet vart bra.

**Dugnad:**

Møteleiar gjorde greie for dugnadar som har vore avhaldne ved Vadheim gravplass og ved Kyrkjebø kyrkje. Det er godt frammøte til dugnadane og gravplassane framstår velstelte. Ein registrerer også jamnt over at mange vitjar gravplassane.

**Gåve til kyrkja:**

Møteleiar orienterte om den store gåva frå Saniteten, der dei overleverte 25 stk. sitteputer for bruk i kyrkjebenkane. Ei stor takk til syarane og til alle medlemmane i Saniteten!

**Helgestunder:**

I 2025 kom bladet ut i 3 eksemplar, som er 1 færre enn i året før. Fellesrådet har økonomiansvaret og lyt i den samanheng heile tida vurdere utgjevings-frekvens og

redaksjonsform. Ein søker å balansere mellom kostnader, gåver og abonnementsbetaling.

### **Viktige hendingar:**

Møteleiar gjekk vidare innom situasjonen for Vadheim Bedehuskapell og refererte til årsmøtet der for 2024. Bruken av kapellet har tidlegare vore drøfta og ein førebels konklusjon er at det lyt gjerast ei avveging mellom ressursbruken til kyrkja/soknet på den ein sida, og på den andre sida den oppslutnaden gudstenester og andre tilskipingar får.

For 2025 vart det på tradisjonelt vis arrangert påskenattsmesse ved kyrkjebø kyrkje og ein skulle ynskje at fleire deltok på denne.

Det vart også lagt til rette for vandring på kyrkjegarden, der ein kan fylgje bibelhistoria frå påske til pinse.

I 2025 kom kyrkjeporten for inngang sør, endeleg på plass. Denne har i lengre tid vore skadd og ute av bruk, men er no reparert og montert. Til dette arbeidet har det vore nytta innleigd firma (Kjetil Torvund) og soknerådsmedlem Jens Ole Årdal har sytt for lakkering og montering. Inngangsporten i vest, er også reparert og dette vart utført av Magne Sagerøy. I tillegg vart rekkverket til sakristi-trappa lakka av Kari Henny Dale og Magne Sagerøy.

Vidare orienterte møteleiar om 100-årsfeiringa til Nynorsk salmebok. Dette vart markert i september, ved at det vart arrangert ein salme og kulturkveld i kyrkja. Lokale musikarar deltok og leiar for mållaget, H.K.Meek Ljotebø, presenterte historia til Nynorsk salmebok.

Misjonsprosjektet vi har med Estland, vart det vidare orientert om frå møteleiar og likeeins presentasjonen ein hadde om dette prosjektet under ei gudsteneste i kyrkja. Når ein så kom til november 2025, vart det arrangert felles minnegudsteneste med Høyanger sokn. Etter denne gudstenesta hadde ein temasamtaler under kyrkjekaffien. Dette er nytt av året og ein vil freiste å vidareføre dette.

Julespelet som gjekk føre seg den 16. des. vart godt imøtekomme av skuleborn, foreldre og andre som hadde møtt opp.

Julekonsertane som blir avhaldne ved Vadheim bedehuskapell og ved Kyrkjebø kyrkje, er det andre som arrangerer og desse fortener ros.

Etter gjennomgangen til årsmeldinga, takka møteleiaren dei kyrkjelege tilsette og dei frivillige hjelparane som har vore med på å støtte kyrkja vår.

### **Ordet fritt, til årsmeldinga for 2025:**

Frå møtelyden kom det fram frå ein deltakar, at det er viktig å gje konfirmantane gode tilbakemeldingar på dei fine framføringane dei har i kyrkja.

Når det gjeld oppmøta til friluftsgudstenestene, som i det siste har hatt lite besøk, kom det forslag om at det kunne vere viktig å tilby transport til desse arrangementa.

Ikkje alle har bil og nokon kan også ha behov for litt hjelp. Spesielt gjeld dette for friluftsgudstenesta ved Vadheimstølen. Dette vart notert av møteleiar og ein vil for framtida sjå om ein kan få gjort noko med dette, slik at fleire kan få høve til å vitje desse arrangementa.

Vidare kom det spørsmål om kvar konfirmantundervisninga føregår. Er det i kyrkjerommet, eller er det på andre stader? Soknepresten orienterte om korleis denne føregår i kommunen og at ein har konfirmantundervisning på dei dagane skulen har elevfrie dagar. Denne kan gå føre seg f.eks. på Alværa, i Ortnevik, i Vadheim, eller i Høyanger, så den er ikkje knytt fast opp til sjølve kyrkjerommet. Under gudstenestene får konfirmantane ulike arbeidsoppgåver som dei skal gjennomføre og slik sett blir dei også kjent med kyrkja og dei aktivitetane som

føregår der. Spørsmålstillaren meinte at dersom ein også nytta kyrkjerommet til konfirmantundervisning, vil det gje konfirmanane ei god tilhøyrigheit til kyrkja. Frå salen kom det vidare fram det positive med at kyrkja arrangerer ulike arrangement, s.t.d. julespel. Det er viktig at born får høve til å vitje kyrkja ved slike tilstellingar, slik at dei blir kjent med kyrkja og kyrkehistoria, meinte møtedeltakaren.

### **Rekneskap:**

Rekneskap datert 31.12.2025 var på førehand lagd fram for møtelyden og denne vart gjennomgått av møteleiar. Møteleiaren orienterte om at reknekapen er knytt opp til det kommunale rekneskapssystemet og at det der har vore utskiftingar av personale der. Dette har igjen ført til meir ressursbruk for kyrkjevevja, så noko etterslep i høve ajourføring, kan førekomme.

### **Ordet fritt til rekneskap for 2025:**

Frå salen kom det fram at det var noko differanse i høve inntekter/utgifter.

Møteleiaren gjorde greie for at dette har si forklaring i at rekneskapen pr. dato ikkje er heilt ajourført og at det er nokon avvik som vil bli korrigerede. M.a. er det snakk om nokon prosjekt der soknerådet har betalt ut midlar på forskot, men som vil bli etterbetalt av fellelrådet. M.a. gjeld dette væling av kyrkjeportar og for medarbeidarfesten. Møteleiaren slo likvel fast, at driftutgiftene for det aktuelle året, har vore litt høgare enn inntektene og at ein difor må finne ein balanse for dette til neste driftsår.

Frå salen vart det opplyst om at det truleg kan vere mogeleg å søke om div. statlege midlar, dersom ein har framtidige ynskje om å gjennomføre enkelte prosjekt og dette vart teke til etterretning.

### **Arbeidsprogram, årshjul for 2026:**

Årshjulet for 2026, slik det ligg føre, var på førehand lagt fram for møtelyden og møteleiar gjekk igjennom dette. Utanom dei vanlege kyrkjelege handlingane, er det på vårparten snakk om å arrangere ein konsert med Harald Dahlstrøm og Sonja Aa. Årdal. Vidare er det planar om å arrangere ein konsert til hausten, der organist Peter Jobbagy framfører.

### **Aktuelle spørsmål:**

Det var ingen aktuelle spørsmål.

Avslutningsvis avrunda møteleiar med å opplyse om at det stadig blir meir arbeid for tilsette og sokneråd, men at samarbeidet er godt og at ein likvel får utretta mykje godt arbeid.

Møtet vart avslutta ca. kl. 14.10 og møteleiar ynskta vel heim.

Referent:



Jens Ole Årdal  
medlem KSR.

  
Gunhild Marie Bekkelien.

  
Sigrun Helle Gudvangen.